

Risiko- og vesentlegvurdering



Vedlegg til Plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024
Sauda kommune

September 2020

www.kpmg.no



Innhold

1. Bakgrunn og føremål	1
1.1 Bakgrunn	1
1.2 Føremål	1
1.3 Framgangsmåte og involvering	1
2. Oppsummerande risikovurdering	2
3. Kommunen sitt eigarskap	7
3.1 Selskap som er omfatta av kommuneloven § 23-6, første ledd	7
3.2 Andre selskap kor kommunen har eigarinteresser	12
3.3 Organisasjonar kor Sauda har deltakarinteresse	12
4. Risiko- og vesentlegvurdering - av kommunen si verksemd	13
4.1 Operativ risiko	13
4.2 Regulatoriske risikoar	17
4.3 Strategiske risikoar	18
4.4 Forvaltningsrevisjon i selskap	20
5. Risiko- og vesentlegvurdering – av kommunen sitt eigarskap	22
5.1 Generell eigarstyring	22
5.2 Selskap identifisert for eigarskapskontroll	22
Vedlegg 1 Framgangsmåte og involvering	23
Teoretisk fundament	23
Prosess	24

1. Bakgrunn og føremål

1.1 Bakgrunn

Etter kommuneloven § 23-3, andre ledd, skal kontrollutvalet minst ein gong i valperioden utarbeide ein plan som viser kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar innanfor. Vidare går det fram av kommuneloven § 23-4, andre ledd, at kontrollutvalet også i løpet av valperioden skal utarbeide ein plan som viser kva eigarskapskontrollar som skal gjennomførast. Planane skal utarbeidast seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert. Den skal baserast på risiko- og vesentlegvurderingar av kommunen si verksemd, kommunen sine selskap og kommunen sitt eigarskap.

Kontrollutvalet i Sauda kommune bestilte i møtet 21.11.2019, sak 21/19, ei risiko- og vesentlegvurdering frå KPMG som grunnlag for plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Planane skal gjelde for perioden 2020-2024.

1.2 Føremål

Føremålet med risiko- og vesentlegvurderinga er å identifisere kor det er størst behov for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i fireårsperioden 2020-2024.

KPMG har gjennomført ein analyse av risiko og vesentlegheit i Sauda kommune. Denne analysen vil presentere identifiserte område i den kommunale verksemda og i selskap som er knytt til kommunen. På desse områda er det risiko for vesentlege avvik. Vidare vil konsekvensane av desse avvika kunne bli alvorlege. Analysen dannar grunnlaget for kontrollutvalet si prioritering av område som kan vere gjenstand for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i planperioden. I tillegg dannar den grunnlag for kontrollutvalet si innstilling til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Planane blir vedtatt i kommunestyret.

Basert på planane vil kontrollutvalet få gjennomført enkeltstående forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar. Risiko- og vesentlegvurderinga identifiserer først og fremst område for forvaltningsrevisjon, medan det er ved bestillinga av enkeltstående prosjekt ein spissar og operasjonaliserer kva for tema som skal vere gjenstand for revisjon og kva problemstillingar revisjonen skal svara på.

1.3 Framgangsmåte og involvering

Vi har gjennomført ein prosess som har inkludert samspel med ulike deler av kommunen; administrasjon, hovudverneombod og politikarar frå kontrollutvalet.

Arbeidet har vore delt i tre hovudbolkar:

1. Kartlegge og forstå kommunen
2. Arbeidsmøte med kommunen for å etablere og verifisere moglege område for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
3. Dokumentere analysen

For nærare skildring av framgangsmåten, sjå vedlegg 1.

2. Oppsummerande risikovurdering

I den følgjande tabellen oppsummerer vi dei identifiserte områda og hendingane som kan vere aktuelle for forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll¹, med tilhøyrande vurdert risiko. For kvart område/hending presenterast i tillegg aktuell eining og ei oppsummerande skildring av identifisert område/hending. I kapitel 4 og 5 er det gjort ein meir detaljert skildring av kvart område/hending og tilhøyrande risiko. Under kvart enkelt område i tabellen under viser vi til delkapitla kor det enkelte område blir skildra nærmare.

I den ytste kolona er det gjort ei vurdering av risikoen, som eit produkt av sannsyn og konsekvens – i samsvar med figur 2, vedlegg 1. Grøn indikerer relativt låg risiko, gul indikerer middels risiko, medan risikoane som er definert som høge er markert raude.

Område/hending	Aktuell eining	Oppsummerande skildring	Risiko
Operativ risiko			
Samhandling mellom tenester (4.1.1)	Heile kommunen	Samhandling og koordinering mellom tenester opplevast generelt å vere utfordrande i Sauda kommune. Kommunen er i ferd med å implementere BTI, som er ein samhandlingsmodell. Dette reduserer etter vår vurdering risikoen for mangelfull samhandling.	
Effektivitet og kvalitet innanfor helse og omsorg (4.1.2)	Helse og omsorg	Av spørjeundersøking kjem det fram at manglande kompetanse opplevast som ein sentral risiko innanfor helse og omsorg. Det kjem vidare fram av arbeidsmøte at organiseringa av kommunen sine helse- og omsorgstenester opplevast å vere ineffektive. Eksempelvis blir tunge tenester utført i heimetenesta. Kommunen har fokus på organiseringa av tenestene, og arbeidar for å auke institusjonskapasiteten.	
Legetenesta (4.1.3)	Sauda Legesenter	Forvaltningsrevisjonen frå 2013 vurderte at legetenesta ikkje var forsvarleg, og identifiserte avvik knytt til organisasjon og styringsstruktur. I arbeidsmøte blei det stilt spørsmål omkring oppfølginga av denne forvaltningsrevisjonen. Det er lagt inn ein ekstra turnuslege i budsjettet for 2020.	

¹ Eit selskap kan vere aktuelt både for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Område/hending	Aktuell eining	Oppsummerande skildring	Risiko
Opplæring og skulemiljø (4.1.4)	Oppvekst	Det blir stilt spørsmål rundt det psykososiale skulemiljøet ved skulane i arbeidsmøte. Det blir også stilt spørsmål om kommunen har tilstrekkeleg kompetanse omkring psykososialt skulemiljø. Sauda kommune har innført digitale læringsflater i grunnskulen. Det kjem fram av arbeidsmøte at kommunen ynskjer ein gjennomgang av korleis kommunen har implementert desse læringsflatene, og korleis dei blir brukt i skulane.	
Psykisk helse (4.1.5)	Heile kommunen	Planstrategien 2017-2020 framhevar at mange slit med problem knytt til psykisk helse i kommunen. Det blir stilt spørsmål om kommunen har tilstrekkeleg kompetanse på området. Nasjonalt har psykiske vanskar blant barn og unge blitt meir utbreidd, noko som mange skular og kommunar slit med å handtere. Administrasjonen opplever at kommunen sitt tilbod innan psykisk helse fungerer godt, og at dette ikkje opplevast som særleg relevant å sjå på i ein forvaltningsrevisjon i denne perioden.	
Økonomi – endring av rammevilkår (4.1.6)	Heile kommunen	Det kjem fram i arbeidsmøte at bortfall av inntekter opplevast å kanskje vere den største risikoen i Saudasamfunnet. Kommunen bruker ein stor del av dei disponible midlane, og er sårbar for reduksjonar i inntektsgrunnlaget. Kommunen sine inntekter påverkast negativt av blant anna demografiske endringar. Det kjem fram av arbeidsmøte at det opplevast som interessant å sjå nærmare på korleis kommunen sine kraftrelaterte inntekter blir nytta. Kommunen opplever at det er vanskeleg å spore kor desse midlane blir av.	
Oppfølging av politiske vedtak (4.1.7)	Heile kommunen	Det kjem fram av arbeidsmøte at samspelet mellom politikarane og administrasjonen opplevast å ha eit forbettringspotensial. Det opplevast at ein manglar rutinar og kjørereglar for samspelet, samt prosedyrar for korleis vedtak skal følgast opp.	
Regulatorisk risiko			
Barnevern (4.2.1)	Indre Ryfylke Barnevern	Sauda kommune er vertskommune for vertskommunesamarbeidet Indre Ryfylke Barnevern. Der vart gjennomført eit tilsyn av Fylkesmannen i Rogaland i 2017. Tilsynet syntte avvik og manglar i barnevernet. Det kjem fram av arbeidsmøte at kommunen har gjennomført tiltak	

Område/hending	Aktuell eining	Oppsummerande skildring	Risiko
		og hatt ei ny oppfølging frå Fylkesmannen i etterkant av tilsynet. Det er no ingen avvik.	
Personvern og informasjonstryggleik (4.2.2)	Heile kommunen	I kommunal verksemd har personvern og informasjonstryggleik ein høg ibuande risiko, då dei handterer ei rekkje sensitive opplysningar om sine innbyggjarar og tilsette. Det kjem fram av spørjeundersøkinga at brot på informasjonstryggleiksregelverket opplevast å vere ein stor risiko i kommunen.	
Byggesak (4.2.3)	Teknisk	I arbeidsmøte blir det peika på at plan og byggesak opplevast å vere eit utfordringsområde. Det blir stilt spørsmål ved om ein har rett kompetanse på området og om system og rutinar er i tråd med den nye plan- og bygningsloven. Det kjem fram av spørjeundersøkinga at ein i teknisk sektor opplev å ha utilstrekkeleg med tid for å overhalde tidsfristar og unngå sakshandsamingsfeil.	
Innkjøp – kontaktsinngåing/oppfølging (4.2.4)	Heile kommunen	Det kjem fram av arbeidsmøte at kommunen opplever at kontraktsinngåing og kontraktsoppfølging, irekna rammeavtalar, er eit utfordrande område å handtere.	
Personalpolitikk og tilsettingar (4.2.5)	Heile kommunen	I arbeidsmøte blir det stilt spørsmål ved om kommunen følger tilsettingsregelverket ved tilsettingar i kommunen. Samstundes blir det stilt spørsmål i lokalsamfunnet om korleis tilsettingsprosessane i kommunen fungerer.	
Strategisk risiko			
Handtering av endra rammevilkår (4.3.1)	Heile kommunen	Kommunen opplever stadig endringar i rammevilkåra, irekna oppgåvefordelinga mellom stat, fylkeskommune og kommune. Dette påverkar mellom anna kostnadsbiletet til kommunen og set også nye krav til kompetanse.	
Kompetanseutvikling (4.3.2)	Heile kommunen	Sauda kommune opplever sårbarheit knytt til kompetanse og rekruttering. Dette gjeld både kompetanse ein manglar, og at det er lite tilgjengeleg personell i kommunen. Dette utgjør ein risiko for mangelfulle tenester. I arbeidsmøte blir det stilt spørsmål ved om einingane i kommunen har GAP-analysar omkring kva for ein kompetanse som trengs framover.	

Område/hending	Aktuell eining	Oppsummerande skildring	Risiko
Miljø (4.3.3)	Heile kommunen	I samfunnet er det eit aukande fokus på miljø og berekraftig verksemd. Mangelfullt fokus på klima og miljø, kan innebere ein omdømerisiko for kommunen.	
Nærings- og samfunnsutvikling (4.3.4)	Heile kommunen	Det vektleggjast i arbeidsmøte at kommunen si næringsutvikling er viktig for å motverke dei demografiske endringane og endringane i kommunen sitt inntektsgrunnlag. Det blir stilt spørsmål ved om kommunen har rett kompetanse og kapasitet til dette arbeidet. Det kjem fram av budsjettet 2020 at kommunen har satsa aktivt på næringsutvikling dei siste åra, men det har førebels ikkje resultert i fleire arbeidsplassar eller vekst i innbyggjartal.	
Beredskap; hendingar og katastrofar (4.3.5)	Heile kommunen	Sauda kommune er sårbar for naturhendingar, samstundes som ein har utfordringar med eksisterande kommunikasjonssystem. Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med kommunen sin beredskap i 2017. Tilsynet viste manglar knytt til kommunen sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse og beredskapsplan.	
Forvaltningsrevisjon i selskap			
Reisemål Ryfylke (4.4.1)	Selskap	Reiseliv er eit satsingsområde i Sauda kommune si nærings- og samfunnsutvikling. Reiseliv Ryfylke utfører viktige oppgåver for kommunen knytt til reiseliv. Det kjem fram av arbeidsmøte at kommunen er usikre på kva dei får ut av dette eigarskapet, og vidare om dei er tett nok på selskapet.	
Styring av interkommunale nærings- og utviklingsprosjekt (4.4.2)	Selskap	Næringsutvikling er eit satsingsområde for Sauda kommune. Ryfylkerådet og Haugaland Vekst har gjennomført nokre interkommunale nærings- og utviklingsprosjekt dei seinare åra. Kommunen er usikker på kvaliteten på og effektane av desse prosjekta. Det uttrykkjast at det hadde vore nyttig med ein gjennomgang av eit av desse selskapa.	
Krisesenter Vest IKS (4.4.3)	Selskap	Selskapet utfører ein viktig samfunnsfunksjon på vegne av kommunen.	
Eigarskapskontroll			
Generell eigarstyring	Eigarstyring	Kommunen opplever at ein er god på å vurdere føremålet med eigarskapet sitt. Samstundes er ein usikre på om kommunen er strategisk gode	

Område/hending	Aktuell eining	Oppsummerande skildring	Risiko
(5.1)		nok til å få ut effektane av eigarskapet. Dette handlar om forventingsstyringa av selskapa og krava kommunen stiller som eigar.	
Nærings- og samfunnsutviklingsselskap (5.2.1)	Selskap	Kommunen har eigarskap i nærings- og samfunnsutviklingsselskap som Sauda Vekst, Sauda Fjernvarme, Haugaland Vekst og Reisemål Ryfylke. Desse selskapa er viktige for at kommunen skal lukkast med satsinga si innan nærings- og samfunnsutvikling. Kommunen er usikker på om dei er tett nok på reiselivsselskapa, og kva dei får ut av eigarskapet.	
Sauda Bedriftskapital AS (5.2.2)	Selskap	Selskapet har eit viktig føremål ved å legge til rette for vidareutvikling av næringslivet og nyetableringar i kommunen. Det kan vere hensiktsmessig å vurdere eigarskapsstrukturen og styringsstrukturen i selskapet.	

Frå arbeidsmøta med politikarane og administrasjonen vart følgjande område/hendingar nemnt som særleg aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- ✓ Kompetanse
- ✓ Handtering av endra rammevilkår
- ✓ Beredskap; hendingar og katastrofar
- ✓ Nærings- og samfunnsutvikling
- ✓ Samspel politikk og administrasjon
- ✓ Effektivitet og kvalitet innanfor helse og omsorg
- ✓ Legetenesta
- ✓ Opplæring og skulemiljø
- ✓ Reduksjon i inntektsgrunnlag
- ✓ Innkjøp
- ✓ Tilsettingsprosessar

I utkast til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, vil vi basert på våre analysar og kommunen sine innspel prioritere kva prosjekt som vil vere særleg relevante å gjennomføre i perioden.

3. Kommunen sitt eigarskap

I dette kapitelet gir vi ein oversikt over alle selskapa kommunen har eigarskap i, irekna aksjeselskap, interkommunale selskap og kommunale oppgåvefelleskap.

Kommuneloven § 23-6 og § 24-10 omtalar innsynsretten til kontrollutvalet og revisor. Etter kommuneloven §23-6, første ledd, kan kontrollutvalet og revisor (jmf. §24-10) krevje opplysningar for å gjennomføre kontroll i følgjande type selskap:

- a) *interkommunale selskaper etter IKS-loven*
- b) *interkommunale politiske råd*
- c) *kommunale oppgåvefelleskap*
- d) *aksjeselskap der en kommune eller fylkeskommune alene eller sammen med andre kommuner, fylkeskommuner eller interkommunale selskaper direkte eller indirekte eier alle aksjer.*

Det går vidare fram kven opplysningar om selskapet kan krevjast frå og at kommunestyret kan fastsette reglar om kontrollutvalet sin kontroll med kommunen sine interesse i dei nemnte selskapa.

Kommuneloven § 23-6, femte ledd seier vidare at:

Kontrollutvalgets innsynsrett og rett til å foreta undersøkelser etter første og andre ledd gjelder på tilsvarende måte overfor andre virksomheter som utfører oppgaver på vegne av kommunen eller fylkeskommunen. Innsynet og undersøkelsene skal imidlertid bare omfatte det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten blir oppfylt.

Sjølv om det vil vere selskapa som er omtala etter §23-6, første ledd, som vil vere aktuelle for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll, har kontrollutvalet også innsynsrett ovanfor verksemder som utfører oppgåver på vegne av kommunen. Dette kan for eksempel vere selskap som kommunen eig saman med private, heilt privateigde selskap og stiftelsar. Kontrollutvalet sin rett til innsyn og undersøkingar i selskap utover § 23-6, omfattar berre det som er nødvendig for å undersøke om kontrakten vert oppfylt. Samstundes vil det vere naudsynt at kommunen har inngått ein avtale med dei aktuelle selskapa om rett til innsyn, for at kontrollutvalet og revisor kan krevja rett til kontroll².

Vi har i den vidare omtalen presentert dei selskapa som er omfatta av kommuneloven § 23-6, første ledd, kor kontrollutvalet kan krevje dei opplysningane som er nødvendige for å gjennomføre sin kontroll – det er desse selskapa som vil vere aktuelle for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. I tillegg presenterast nøkkeltal frå andre selskap kor kommunen har eigarskap. I samsvar med kommuneloven §23-6, femte ledd kan kontrollutvalet også gjere undersøkingar i desse selskapa i høve om eventuelle kontraktar med kommunen vert oppfylt.

3.1 Selskap som er omfatta av kommuneloven § 23-6, første ledd

Her følgjer eit oversyn over dei interkommunale selskapa og aksjeselskapa som kontrollutvalet har innsynsrett i etter kommuneloven § 23-6. første ledd. Vi presenterer her føremålet med selskapet,

² Tolkingssuttale frå kommunal- og moderniseringsdepartementet, [§ 23-6 : Innsyn og undersøkelser i selskaper o.l.](#), 2020.

kommunen sin eigardel og nøkkeltal i høve eigenkapitaldel³, driftsinntekter og årsresultat for dei tre siste åra.

3.1.1 Sauda Bedriftskapital AS

Sauda Bedriftskapital AS			
Selskapsform	AS		
Stiftingsår	2013		
Føremål	Føremålet er definert i vedtektene: « <i>Bidra til en lønnsom videreutvikling av næringslivet i Sauda og bærekraftige nyetableringer ved at det blir gitt tilskudd og inspirasjon til virksomheter som satser målbevisst for å skape nye produkter, tjenester og arbeidsplasser i Sauda, gitt tilskudd til nyetableringer og bedrifter som ønsker å videreutvikle sin virksomhet eller gå nye veier for å etablere nye arbeidsplasser eller skutt inn nødvendig aksjekapital for etablering av AS</i> »		
Kommunen sin eigardel	100 %		
Tilsette	0		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Eigenkapitaldel ⁴	3,3 %	-3,2 %	-3,5 %
Driftsinntekter (hele kr)	Kr. 1 390 000	Kr. 1 270 000	Kr. 1 372 000
Årsresultat	Kr. 51 000	Kr. 948 000	Kr. 1 162 000

Selskapet har svak soliditet, men tilfredsstillande likviditet.

3.1.2 Ryfylke IKS

Ryfylke IKS			
Selskapsform	IKS		
Stiftingsår	2001		
Føremål	Føremålet er definert i vedtektene: « <i>Føremålet med selskapet er å styrkja regionen gjennom større grad av interkommunalt samarbeid med hovudvekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsprosjekt. Selskapet kan driva si verksemd dels i eigen regi og dels fungera som tilretteleggar for andre både offentlege og private verksemd. Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vera eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd. Selskapet kan og inngå samarbeidsavtaler med kommunar, andre selskap og verksemd</i> ».		
	Selskapet vert eigd saman med Forsand, Strand, Hjelmeland og Suldal.		
Kommunen sin eigardel	20 %		
Tilsette	5		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Eigenkapitaldel	27,6 %	27,1 %	22,6 %
Driftsinntekter (hele kr)	Kr. 10 438 000	Kr. 5 580 000	Kr. 7 984 000
Årsresultat	Kr. 251 000	Kr. 648 000	Kr. 37 000

Selskapet har tilfredsstillande likviditet og god soliditet.

3.1.3 Haugaland Vekst IKS

Haugaland Vekst IKS	
Selskapsform	IKS
Stiftingsår	2004
Føremål	Føremålet er definert i vedtektene: « <i>Selskapets formål er å drive regionalt nærings- og utviklingsarbeid. Selskapet skal bidra til økt samhandling, attraktivitet og verdiskaping i regionen.</i> »

³ Eigenkapitaldelen viser del eigenkapital av total kapital i selskapet. Den syner kor stor del av eigendelane i selskapet som er finansiert med eigenkapital, i motsetning til med finansiering via lån. Grad av eigenkapital er eit uttrykk for selskapet sin soliditet.

	<p>Selskapet kan også yte andre tjenester til deltakerkommunene, evt. tjenester til andre enn deltakerkommunene, under forutsetning av at slik tjenesteyting ikke endrer selskapets status som "offentlig oppdragsgiver"/ leverandør av tjenester i "egenregi", slik at lov om offentlige anskaffelser ikke gjelder i forhold til selskapets tjenesteyting til deltakerkommunene. Pr. i dag antas denne forutsetning å innebære at levering av andre tjenester/tjenester til andre enn deltakerkommuner ikke må overstige 20% av selskapets omsetning.»</p> <p>Selskapet vert eigd saman med Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord kommune samt Rogaland Fylkeskommune.</p>		
Kommunen sin eigardel	9,09 %		
Tilsette	7		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Eigenkapitalandel	48,3 %	52,5 %	56,3 %
Driftsinntekter (hele kr)	Kr. 15 647 0000	Kr. 16 892 000	Kr. 16 512 000
Årsresultat	Kr. 366 000	Kr. 234 000	Kr. 346 000

Selskapet har stabil drift, med god likviditet og lav gjeldsbelastning.

3.1.4 Interkommunalt Arkiv i Rogaland IKS

Interkommunalt arkiv i Rogaland IKS	
Selskapsform	IKS
Stiftingsår	2002
Føremål	<p>Føremålet er definert i vedtektene: «Selskapet skal arbeide for at arkivmaterialet fra deltakerne eller materiale som disse har ansvar for, blir tatt vare på og gjort tilgjengelig for offentlig bruk, forskning og andre administrative, juridiske og kulturelle formål, i samsvar med arkivloven. Selskapet skal tilby depotplass for deltakernes arkivmateriale, samt veilede deltakerne slik at de har tilfredsstillende oppbevaringsforhold for arkivmateriale. Selskapet skal være et arkivfaglig rådgivningsorgan og kompetansesenter for deltakerne, og skal i samråd med deltakerne arbeide for å utvikle effektive og rasjonelle arkivtjenester hos dem.</p> <p>Driften av selskapet skal gå i balanse, det vil si at inntektene fra deltakerne skal dekke selskapets kostander.</p> <p>Selskapet kan etter nærmere vedtak av styret prise visse tjenester og således ha egne inntekter. Tjenestene som kan prises skal i hovedsak være slike som ikke vil bli gitt til alle deltakerne, eller som deltakerne vil ha ulik etterspørsel etter, eller tjenester som faller utenfor selskapets hovedformål.</p> <p>Til gjennomføring av spesielle prosjekt utenom selskapets ordinære arbeidsoppgaver, blir det søkt finansiering mellom deltakerne eller andre som spesielt ønsker prosjektet gjennomført.</p> <p>Selskapet har anledning til å ta på seg konsulentoppdrag for andre, når oppdragsgiver betaler for tjenesten og det ikke går ut over selskapets hovedoppgaver.</p> <p>Definisjonen av formål og ansvarsområde er uttømmende. Styret og representantskapet har ikke myndighet til å fatte vedtak på områder som ikke er nevnt ovenfor».</p> <p>Det blei gjennomført ein selskapskontroll av selskapet i 2013.</p> <p>Selskapet blir eigd saman med Rogaland fylkeskommune samt kommunar og interkommunale selskap i Rogaland.</p>
Kommunen sin eigardel	3,5 %
Tilsette	10

Nøkkeltall	2018	2017	2016
Egenkapitalandel	21 %	66,1 %	88,3 %
Driftsinntekter (hele kr)	Kr. 12 213 000	Kr. 9 343 000	Kr. 6 709 000
Årsresultat	Kr. - 150 000	Kr. - 605 000	Kr. 322 000

Lønnsemnda er ikkje tilfredsstillande, og selskapet har gått i minus dei siste to åra. Soliditeten er god.

3.1.5 Kriesenter Vest IKS

Kriesenter Vest IKS			
Selskapsform	IKS		
Stiftingsår	2011		
Føremål	Føremålet er definert i vedtektene: «Selskapet skal, på vegne av eierkommunene, sikre etterlevelse av krisesenterlovas § 2 a), b) og c). Selskapet skal være et rådgivende organ for eierkommunene i etterlevelse av lovens § 2 d). Selskapet har ikke som formål å drive virksomhet som gir utbytte til eierkommune».		
	Selskapet eigast saman med Bokn, Bømlo, Etne, Fitjar, Haugesund, Karmøy, Kvinnherad, Odda, Stord, Suldal, Sveio, Tysnes, Tysvær, Utsira, Ullensvang og Vindafjord kommune.		
Kommunen sin eigardel	2,79 %		
Tilsette	30		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Egenkapitalandel	Ikkje tilgjengelig	Ikkje tilgjengelig	Ikkje tilgjengelig
Driftsinntekter (hele kr)	Ikkje tilgjengelig	Ikkje tilgjengelig	Ikkje tilgjengelig
Årsresultat	Ikkje tilgjengelig	Ikkje tilgjengelig	Ikkje tilgjengelig

3.1.6 Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS			
Selskapsform	IKS		
Stiftingsår	2004		
Føremål	Føremålet er definert i vedtektene: «Formålet med selskapet er å tilby sekretariatstjenester til kontrollutvalgene i deltakerkommunene og nærliggende kommuner. Selskapet skal drives i balanse slik at inntekter fra kommunene dekker kostnadene».		
	Selskapet eigast saman med Bokn, Etne, Haugesund, Karmøy, Suldal, Sveio, Tysvær, Utsira og Vindafjord kommune.		
Kommunen sin eigardel	4,20 %		
Tilsette	2		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Egenkapitalandel	70,3 %	68,1 %	69 %
Driftsinntekter (hele kr)	Kr. 2 019 000	Kr. 1 957 000	Kr. 1 864 000
Årsresultat	Kr. 65 000	Kr. 31 000	Kr. 35 000

Selskapet har god likviditet og soliditet, og tilfredsstillande lønnsemd.

3.1.7 For Sauda KF

For Sauda KF	
Selskapsform	IKS
Stiftingsår	2017
Føremål	Føremålet er definert i vedtektene: «Foretakets formål er å drive med strategisk nærings- og samfunnsutvikling i kommunen. Foretaket skal utøve sitt arbeid til beste for kommunens næringsliv og i henhold til planer, retningslinjer og målsetninger som vedtas av kommunestyret. Foretaket skal forvalte og videreutvikle kommunalt næringsareal, kommunale næringsbygg samt andre virkemidler for næringsutvikling som kommunestyret vedtar».

Kommunen sin eigardel	100 %		
Tilsette	0		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Egenkapitaldel	N/A	N/A	N/A
Driftsinntekter (hele kr)	N/A	N/A	N/A
Årsresultat	N/A	N/A	N/A

3.1.8 Friluftsrådet Vest

Friluftsrådet Vest			
Selskapsform	Interkommunalt samarbeidsorgan		
Stiftelsesår	1983		
Formål	<p>Formålet er definert i selskapsavtalen: «Rådet sine oppgaver er i samarbeid med medlemskommunane, statlege og fylkes-kommunale etatar og andre interesserte å verke for: a) Sikring, tilrettelegging og drift av område for friluftsliv av ulik art til allment bruk, med tanke på medlemskommunane sin befolkning i ein eller fleire av rådet sine kommunar. b) Større forståing for friluftsområda sin betydning, betre friluftskultur og utbreiing av friluftsliv.»</p> <p>Samarbeidsorganet er danna saman med kommunane Bokn, Bømlo, Etne, Fitjar, Haugesund, Karmøy, Stord, Sveio, Tysvær, Vindafjord og Kvinnherad.</p>		
Kommunen sin eigardel	N/A		
Tilsette	31		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Eigenkapitaldel	88,5 %	89,2 %	90,1 %
Driftsinntekter (hele kr)	Kr. 14 587 000	Kr. 13 557 000	<i>Ikkje tilgjengelig</i>
Årsresultat	Kr. 1 560 000	Kr. 606 000	<i>Ikkje tilgjengelig</i>

Medlemskommunane betaler ein årleg medlemskontingent per innbyggjar i kommunen. Friluftsrådet Vest er sjølvleid og eit eige rettssubjekt, og kommunane er ikkje ansvarlige for rådet sine plikter utover den årlige medlemskontingenten.

3.1.9 Ryfylke friluftsråd

Ryfylke friluftsråd			
Selskapsform	Interkommunalt samarbeidsorgan		
Stiftelsesår	1978		
Formål	<p>Formålet er definert i selskapsavtalen: «Friluftsrådets oppgave er å sikre, tilrettelegge og drive områder for friluftsliv av forskjellige slag til allmenn bruk. I tillegg skal Friluftsrådet arbeide for å skape større forståelse for friluftslivsområdenes betydning, bedre friluftskultur og utbredelse av friluftsliv».</p> <p>Samarbeidsorganet består av 11 kommunar i Ryfylke og Nord Jæren.</p>		
Kommunen sin eigardel	N/A		
Tilsette	7		
Nøkkeltall	2018	2017	2016
Eigenkapitaldel	<i>Ikkje tilgjengelig</i>	<i>Ikkje tilgjengelig</i>	<i>Ikkje tilgjengelig</i>
Driftsinntekter (hele kr)	<i>Ikkje tilgjengelig</i>	<i>Ikkje tilgjengelig</i>	<i>Ikkje tilgjengelig</i>
Årsresultat	<i>Ikkje tilgjengelig</i>	<i>Ikkje tilgjengelig</i>	<i>Ikkje tilgjengelig</i>

3.2 Andre selskap kor kommunen har eigarinteresser

Sauda kommune har eigardelar i fleire aksjeselskap, som er eigd av andre eigarar enn kommunar, fylkeskommunar og interkommunale selskap.

Selskap	Driftsinntekter (2018)	Årsresultat (2018)	Kommunens eigardel
Sauda Vekst AS	Kr. 2 281 000	Kr. 70 000	14,63 %
Sauda Golfbane AS	Kr. 450 000	Kr. - 29000	54 %
Sauda Fjernvarme AS	Kr. - 540 000	Kr. - 420 000	48 %
Rysteg AS	Kr. 13 916 000	Kr. 334 000	51 %
Destinasjon Haugesund og Haugalandet AS	Kr. 7 728 000	Kr. - 80 000	1,16 %
Reisemål Ryfylke AS	Kr. 4 620 000	Kr. - 99 000	7,35 %
E134 Haukelivegen AS	Kr. 1 214 000	Kr. - 195 000	2,22 %
Sauda Folkets Hus AS	Kr. 2 436 000	Kr. - 67 000	59,68 %
Norsk Bane AS	Kr. 1 924 000	Kr. - 69 000	11,81 %
Fjord Norge AS	Kr. 41 885 000	Kr. 8 000	< 1 %
Kommunekraft AS	Kr. 2 068 000	Kr. 154 000	1 aksje
Nesøyra 16 AS	N/A (Stifta 2019)	N/A	70 %

3.3 Organisasjonar kor Sauda har deltakarinteresse

Kontrollutvalet vil også kunne gjennomføre kontrollar i korleis kommunen forvaltar medlemskap i organisasjonar og i samarbeidsorgan.

3.3.1 Vertskommunesamarbeid

IT-samarbeidet i Ryfylke (RITS)	
Selskapsform	Vertskommunesamarbeid
Føremål	Vertskommunesamarbeid mellom Sauda, Suldal, Hjelmeland og Strand. RITS driftar og utviklar ei felles IKT-plattform. RITS har tett samarbeid og utvekslar ressursar med dei lokale IT-avdelingane. Verstkommune er Strand.

Haugaland Interkommunale skjenkekontroll	
Selskapsform	Vertskommunesamarbeid
Føremål	Sauda er administrativ vertskommune for 10 kommunar i Sunnhordland og Haugalandet, samt Suldal og Hjelmeland.

Miljøretta helsevern	
Selskapsform	Vertskommunesamarbeid
Føremål	Sauda er vertskommune for miljøretta helsevern for kommunane Suldal, Etne og Vindafjord.

3.3.2 Andre organisasjonar der Sauda kommune har deltakarinteresse

- ✓ Stiftelsen Tveit-tunet
- ✓ Fritjof Weltzin skifond

4. Risiko- og vesentlegvurdering - av kommunen si verksemd

I dette kapitelet presenterer vi identifiserte område/hendingar som er vurdert som særleg relevante for forvaltningsrevisjon. Det vil sei områder kor det er identifisert risikoar for mangelfull verksemd og tenestetilbod. Områda som vert presentert er vurderte som vesentlege, ved at det er særleg viktige/sentrale område for kommunen. Risikoane er gruppert i hovudbolkane; operative risikoar, strategiske risikoar og regulatoriske risikoar⁵.

4.1 Operativ risiko

4.1.1 Samhandling mellom tenester

Det kjem fram av spørjeundersøkinga at samhandling mellom tenester generelt opplevast å vere utfordrande. Vidare kjem det fram av spørjeundersøkinga at tilsette opplever at det manglar tydeleg rollefordeling og felles føringar for samhandling.

Kommunen er i ferd med å implementerte Betre Tverrfaglig Innsats (BTI). Dette er ein samhandlingsmodell med føremål å skape eit heilskapleg og samanhengande system mellom ulike tenester og brukar. Kommunen vurderer at det kan vere relevant å sjå på korleis BTI blir nytta i ein forvaltningsrevisjon mot slutten av perioden.

Habilitering og rehabilitering, særleg for barn og unge, opplevast å vere eit interessant område å sjå nærmare på i ein forvaltningsrevisjon. Dette er eit tverrfaglig og sektorovergripande område med behov for samhandling mellom tenester i mellom anna oppvekst og helse og omsorg. Det kjem fram av arbeidsmøte at helse og omsorg har eit forbettringspotensiale knytt til å ta i bruk BTI. Dette blir per i dag brukt i liten grad. Barn og unge med behov for habilitering og rehabilitering har ofte behov for koordinering og samhandling mellom tenesteytarane.

I følgje kommunedelplan helse og omsorg er koordinering av tenestetilbod ei svakheit innanfor helse- og omsorgssektoren. Vidare kjem det fram av spørjeundersøkinga at mangelfull informasjonsdeling mellom tilsette opplevast som ein risiko. I forvaltningsrevisjonen kvalitet/effektivitet i pleie og omsorg frå 2018 kjem det fram at det er forbettringspotensiale knytt til samhandling og informasjonsdeling mellom tildelingskontoret og tenesteutførarane. Dette kan påverke kartlegginga av brukarane sine behov og samsvaret mellom vedtak og tenester som blir gitt. I arbeidsmøte blei det peika på at individuell plan, koordinator og koordinerande eining er aktuelle tema å sjå på tilknytt koordinering av tenestetilbod.

Mangelfull koordinering og samhandling i kommunen kan utgjøre ein risiko for at kommunen sine resursar ikkje blir utnytta effektivt, og kan vidare påverke tenestekvaliteten. Implementeringa av BTI reduserer risikoen.

⁵ Risikoar kan vere tilhøyrande fleire bolkar.

4.1.2 Effektivitet og kvalitet innanfor helse og omsorg

Sauda kommune har den eldste befolkninga i Rogaland, og det vil bli fleire eldre i kommunen framover. Dette vil påverke kommunen sine inntekter (skatt) negativt, samstundes som fleire vil ha behov for hjelp og bistand. Kommunen vil i den anledning måtte arbeide for å redusere kostnader for å ha ei berekraftig helse- og omsorgsteneste i framtida.

Sauda kommune har betydeleg høgare driftsutgifter til helse- og omsorgstenester per innbyggjar enn landsgjennomsnittet. Kommunen har også noko høgare driftsutgifter per innbyggjar enn kommunen si KOSTRA-gruppe⁶.

Kommunen har auka institusjonskapasiteten, og vil auke denne ytterlegare i åra framover. Forholdet mellom heimebasert og institusjonsbasert omsorg blir peika på som eit relevant tema å sjå på i ein forvaltningsrevisjon innanfor helse og omsorg. Det kjem fram på arbeidsmøte at organiseringa av kommunen sine helse- og omsorgstenester opplevast å vere ineffektiv. Forvaltningsrevisjonen kvalitet/effektivitet i pleie og omsorg 2018 viste tilhøve der kommunen si organisering av helse- og omsorgstenestene gir ineffektive tenester. Eksempelvis blir svært tunge tenester utført i heimetenesta.

Mangel på tid i heimesjukepleia opplevast å vere ein viktig risiko innanfor helse og omsorg. Dette kan føre til at ein ikkje får vurdert brukarane sin fysiske og psykiske tilstand godt nok, og dermed ikkje få med seg endringar i sjukdomsbilete og hjelpebehov.

Av spørjeundersøking kjem det fram at manglande kompetanse opplevast som ein sentral risiko innanfor helse og omsorg. Manglande kompetanse resulterer i at ein i periodar sliter med å ha nok kompetent fagkompetanse på jobb. Ein respondent opplever at kommunen har nok faglærte helsearbeidarar, men har for få sjukepleiarar. Samstundes opplever ein å ikkje ha tilstrekkeleg med personell på jobb. Dette kan resultere i at brukarane ikkje får dei tenestene dei har krav på og behov for.

Det kan vere risiko knytt til at kommunen ikkje prioriterer ressursane innanfor helse- og omsorg hensiktsmessig med tenester på rett omsorgsnivå. Samstundes har kommunen fokus på organiseringa av tenestene, og arbeidar for å auke institusjonskapasiteten.

4.1.3 Legetenesta

Det blei i 2013 gjennomført ein forvaltningsrevisjon av legetenesta. Forvaltningsrevisjonen konkluderte med at legetenesta ikkje var forsvarleg, og identifiserte avvik knytt til organisasjon og styringsstruktur, inkludert arbeidsmiljø og internkontroll.

Forvaltningsrevisjonen anbefalte at bemanningssituasjonen ved legesenteret burde betrast. I arbeidsmøte blei det stilt spørsmål omkring oppfølginga av denne forvaltningsrevisjonen. Det blei til dømes vist til at det i etterkant blei innført tiltak om at lege skal ha sjukepleiar med seg på jobb. Dette vedtaket har i midlertid ikkje blitt følgt opp. Samstundes kjem det fram av arbeidsmøte at det opplevast å vere mangel på ressursar ved legesenteret. Det blir nemnt at det har vore mykje utskifting av legar og at det har vore ein god del sjukemeldingar i det siste. Det blir vist til at pasientar har utfordringar med å komme gjennom telefonlinja til legesenteret og at ein kan stå lenge i telefonkø. Kommunen opplever at dette er eit interessant område for forvaltningsrevisjon.

Ei forsvarleg og god legeteneste er viktig både for innbyggjarane og legane sjølv. Kommunen har fokus på dette, og har lagt inn ein ekstra turnuslege i budsjettet for 2020. Organisasjon og styringsstruktur er viktig for kvaliteten på tenestene. Manglar knytt til dette kan utgjere ein risiko for arbeidsmiljøet til dei tilsette og tenestetilbodet til brukarane. Risikoen er difor vurdert som høg.

⁶ KOSTRA-gruppe er Statistisk sentralbyrå (SSB) sin standard for kommuneinndeling, basert på fleire indikatorar. Formålet med å dele kommunane inn i KOSTRA-grupper er å kunne samanlikne nøkkeltal på tvers av samanliknbare kommunar. Sauda kommune høyrer til KOSTRA-gruppe 3.

4.1.4 Opplæring og skulemiljø

I arbeidsmøte blei det peika på at kvaliteten på opplæringa i skulane er ein sentral risiko. Kommunen har fokus på å redusere gapet mellom topp og botn blant elevane i grunnskulen. Dette gapet er viktig å redusere både for elevane og for samfunnet. Det vektleggjast at grunnskulepoeng er viktig for gjennomføring av vidaregåande skule og deltaking i arbeidslivet. 10. trinn hadde i 2019 eit gjennomsnittleg grunnskulepoeng på 42,3. Dette er litt høgare enn for Rogaland fylke og nasjonalt. Samstundes kjem det fram av arbeidsmøte at det opplevast å vere manglar i den tilrettelagte undervisninga for enkelte born.

Det blir stilt spørsmål rundt det psykososiale skulemiljøet ved skulane i arbeidsmøte, irekna om kommunen har tilstrekkeleg kompetanse omkring psykososialt skulemiljø.

Tall frå elevundersøkinga 2020 viser at 19,6 % av elevane på ungdomsskulen oppgir å bli mobba 2-3 gangar i månaden eller oftare. Det kjem fram av arbeidsmøte at det har vore utfordringar med ei elevgruppe som skapte dårleg miljø. Dette har det blitt jobba med, og det ble gjennomført ei ny undersøking som viste betre resultat. Kommunen har over tid hatt lite mobbing, noko som viser seg igjen i dei gjennomførte elevundersøkingane dei siste 5 åra.

Sauda kommune har innført digitale læringsflater i grunnskulen. Dette har vore ein stor prosess og eit satsingsområde for kommunen i arbeidet med å heve kvaliteten på opplæringa. Det kjem fram av arbeidsmøte at kommunen godt kan tenkje seg ein gjennomgang av korleis kommunen har implementert desse læringsflatene, og korleis dei blir brukt i skulane.

Det er ein risiko for at ein ikkje har eit godt læringsmiljø og psykososialt skulemiljø på alle skulane i Sauda. Vidare er det ein risiko for variasjon i tilbodet, avhengig av kva skule elevane går på. Mangelfullt læringsmiljø og skulemiljø kan eksempelvis føre til fråfall, utanforskap, hjelpebehov og arbeidsløyse.

4.1.5 Psykisk helse

Det blir stilt spørsmål rundt kommunen sitt system for og tilbod rundt psykisk helse i arbeidsmøte. Psykisk helse er eit samfunnsproblem i kommunen. Planstrategien 2017-2020 framhevar at mange slit med problem knytt til psykisk helse, og at dette er ei stor utfordring for kommunen. Kommunen har tatt over oppgåver frå spesialisthelsetenesta knytt til psykisk helse. Det har vakse fram nye og yngre brukargrupper, som følgjer med seg auka ressursbruk og nye krav.

Det blir stilt spørsmål om kommunen har tilstrekkeleg kompetanse omkring psykisk helse. Nasjonalt har psykiske vanskar blant barn og unge blitt meir utbreidd, noko som mange skular og kommunar slit med å handtere.

Det kjem fram av arbeidsmøte at det kan vere ein risiko knytt til at born med spesielle vanskar ikkje får den hjelpa og oppfølginga dei har behov for i tenesta rus og psykisk helse. Tenesta opplever eit stort trøkk på oppmeldinga av born og unge med behov for hjelp og oppfølging.

Tenestetilbod/kvalitet innan psykiatritenesta var eit uprioritert prosjekt i førre plan for forvaltningsrevisjon. Det vart ikkje gjennomført forvaltningsrevisjon på temaet i perioden.

Det kan vere ein risiko knytt til at personar med psykiske lidingar ikkje blir følgt godt nok opp, noko som kan gi kommunen utfordringar i form av innbyggjarar med store hjelpebehov. Administrasjonen opplever at kommunen sitt tilbod innan psykisk helse fungerer godt, og at dette ikkje er særleg relevant å sjå på i ein forvaltningsrevisjon i denne perioden.

4.1.6 Økonomi – endring av rammevilkår

Det kjem fram i arbeidsmøte at bortfall av inntekter opplevast å kanskje vere den største risikoen i Saudasamfunnet. Kommunen sine inntekter har dei siste åra vore under press som følgje av nasjonale forslag om å redusere høvesvis kraftskatt og eigedomsskatt. I statsbudsjettet 2020 er det vedteke at maksimal eigedomsskattsats for bustad og fritidsbustad skal reduserast frå 7 til 5 promille. Foreslått reduksjon i kraftskatt ville gitt kommunen 60-70 millionar i årleg inntektsreduksjon. Forslaget blei ikkje vedtekne, men ville medført store konsekvensar for kommunen sitt tenestetilbod. Dette har samanheng med at kommunen over tid har hatt eit høgt forbruk, noko som delvis skuldast store kraftinntekter. Kommunen har erfart å vere svært sårbar for reduksjon i inntektsgrunnlaget, og at det er behov for å gjere kommunen meir kostnadseffektiv for å redusere sårbarheita.

Kommunen sitt inntektsgrunnlag blir påverka av demografiske endringar. Kommunen har ein svak reduksjon i folketal, noko som gir eit lågare skattegrunnlag og følgeleg ein dårlegare kommuneøkonomi. Kommunen sin planstrategi for 2017-2020 anslår at folketalet i kommunen vil reduserast med 300 innbyggjarar fram mot 2040. Samstundes vil det vere ein kraftig reduksjon i aldersgruppa 16-66, noko som vil gi færre innbyggjarar i arbeidsalder. Vidare har kommunen i fleire tiår hatt ein nedgang i private arbeidsplassar, noko som også påverkar inntektsgrunnlaget til kommunen negativt.

Det blei gjennomført ein forvaltningsrevisjonsrapport om økonomistyring i 2017. Rapporten viste at kommunen gjennomfører analysar av inntektsgrunnlaget. Dette blir nytta i økonomiplanlegginga. Samstundes blir kommunen tilrådd til å inkludere desse analysane i større grad inn i budsjett- og økonomiplanen.

Det kjem fram av arbeidsmøte at det er interessant å sjå nærmare på korleis kommunen sine kraftrelaterte inntekter blir nytta. Kommunen hadde 91 millionar kroner i meirinntekter frå kraft i 2019. I følgje rådmannen bør desse midlane brukast på næring og samfunn jamfør næringsssatsinga i budsjettet. Samstundes opplever kommunen at det er vanskeleg å spore kor desse midlane blir av. Det opplevast som nyttig å sjå nærmare på kva kommunen får igjen frå desse meirinntektene, og kva dei blir nytta til.

Reduksjon i inntektsgrunnlaget kan potensielt påverke tenestetilbodet til heile kommunen, og det er dermed ein risiko med alvorleg konsekvens. Samstundes opplevast det som sannsynleg at risikoen inntreff, eksempelvis gjennom demografiske endringar og reduksjon i eigedomsskatten. Det kjem fram av arbeidsmøte at kommunen har fokus på denne risikoen, mellom anna gjennom prosjekt knytt til næringsutvikling. Vi vurderer alt i alt risikoen som høg sidan reduksjon i inntektsgrunnlaget kan svekke kommunen sitt tenestetilbod samstundes som risikoen blir opplevd som sannsynleg.

4.1.7 Oppfølging av politiske vedtak

Det kjem fram av arbeidsmøte at samspelet mellom politikarane og administrasjonen opplevast å ha eit forbettringspotensiale. Det blir vurdert til å vere eit systemproblem, der ein manglar rutinar og kjørereglar for samspelet. Vidare opplevast det å vere ein mangel på prosedyrar for korleis vedtak skal følgast opp. Oppfølging av vedtak har ikkje hatt stort fokus tidlegare. I førre kommunestyreperiode tok det eksempelvis lang tid før eit delegasjonsreglement blei vedteke.

Uklar rolleforståing mellom administrasjon og folkevalde, i tillegg til utilstrekkeleg utgreiing av saker kan redusere kvaliteten i avgjersleprosessane og dermed utgjere ein risiko for at avgjersler blir tatt på mangelfulle grunnlag.

4.2 Regulatoriske risikoar

4.2.1 Barnevern

Sauda kommune har organisert barnevernstenesta i vertskommunesamarbeidet Indre Ryfylke Barnevern. Samarbeidet består av Sauda og Suldal, der Sauda er vertskommune. Det vart gjennomført eit tilsyn av fylkesmannen hjå Indre Ryfylke Barnevern i 2017. Tilsynet synte at Sauda kommune ikkje har ei styring som sikrar at Indre Ryfylke Barnevern gjennomfører undersøkingar i tråd med lovkrav. Til dømes var ansvar og mynde ikkje tydeleg fordelt, medan vurderingar og avgjersler i liten grad vart dokumentert. Det blei vidare ikkje gjennomført samtalar med barn eller heimebesøk i alle saker. I tillegg var ikkje kvalitetssystemet Compilo tilstrekkeleg gjort kjent for dei tilsette. Det var heller ikkje klart for dei tilsette korleis dei skal melde avvik. Planlagde internkontrollaktivitetar vart ikkje gjennomført.

Det kjem fram av arbeidsmøte at kommunen har gjennomført tiltak og hatt ei ny oppfølging frå Fylkesmannen i etterkant av tilsynet. Det er no ingen avvik.

Barnevernet var eit uprioritert prosjekt i førre plan for forvaltningsrevisjon, men blei ikkje gjennomført.

Konsekvensen av ei utilstrekkelig barnevernsteneste er alvorleg. Samstundes har det vorte gjennomført tiltak som følgje av tilsynet i 2017, som Fylkesmannen har følgd opp. Denne risikoen er difor vurdert som middels.

4.2.2 Personvern og informasjonstryggleik

Digitalisering gjer at kommunen i større grad må ha kompetanse og innsikt til å forvalte personvern og informasjonstryggleik. Dette gjeld også på leiarnivå.

I kommunal verksemd har personvern ein høg, ibuande risiko, då kommunen handterer ei rekke sensitive personopplysningar om innbyggjarar og tilsette. Dette stiller krav til at kommunen har eit system som tek i vare personvernreglementet, som dei tilsette er kjend med og etterlev. Kommunen må vidare ha kompetanse til å implementere løysingar som tek i vare informasjonstryggleiken. Regelverket stiller strenge krav til kommunane i høve personvern og informasjonstryggleik. Samstundes har ein i seinare tid sett eksempel på saker i media som viser at enkelte kommunar ikkje er gode nok til å handtere sensitive opplysningar.

Det kjem fram av spørjeundersøkinga at brot på informasjonstryggleiksregelverket opplevast å vere ein stor risiko, og at kommunen ikkje har gode nok system for å ivareta informasjonstryggleiken. Dette kan føre til at sensitive personopplysningar kan komme på avvege.

Denne risikoen er i høve sannsyn og konsekvens vurdert til å vere høg. Konsekvensen av mangelfull handsaming av personvern og informasjonstryggleik er alvorleg.

4.2.3 Byggesak

I arbeidsmøte blir plan og byggesak vurdert å vere eit utfordringsområde. Det blir stilt spørsmål ved om ein har rett kompetanse på området, og om system og rutinar er i tråd med den nye plan- og bygningsloven. Kommunen vurderer at det hadde vore nyttig med ein forvaltningsrevisjon av plan og byggesak, blant anna for å vurdere objektiviteten i byggesakshandsaminga.

Det kjem fram av spørjeundersøkinga at det innan teknisk sektor opplevast å ikkje vere tilstrekkelig tid til å gjennomføre lovpålagte oppgåver innan tidsfristar. Samstundes blir det gjort sakshandsamingsfeil grunna auka arbeidspress, manglande ressursar og manglande kompetanse. Dette kan føre til opplevd forskjellsbehandling, misforståingar og feilinformasjon.

Det er ein risiko for at byggesak ikkje blir prioritert i tilstrekkeleg grad, noko som kan føre til brot på plan- og bygningsloven. Samstundes kan manglande prioritering av byggesak gje redusert tillit til kommunen hjå innbyggjarane. Brot på tidsfristar utgjer økonomisk risiko knytt til reduksjon på gebyr.

4.2.4 Innkjøp – kontraktsinngåing/oppfølging

Kontraktsinngåing og kontraktsoppfølging er område innanfor innkjøp som blir peika på som utfordrande i arbeidsmøte. Dette inkluderer også oppfølging av rammeavtalar. Kontraktsinngåing og kontraktsoppfølging opplevast å vere ein potensiell stor risiko med høg sårbarheit. Det kjem fram av økonomiplan 2018-2021 at økt kompetanse og kapasitet til kontraktsoppfølging er eit ynskja tiltak innan tenesteområdet fellestjenester og næring. Innanfor dette tenesteområdet er små og sårbare fagmiljø med liten grad av kompetanseoverlapp i bemanninga ei særleg utfordring. Samstundes blir det stilt stadig auka nasjonale krav til kompetanse, omstillingsevne, effektivitet og nye arbeidsformar.

Kontraktsoppfølging er sentralt for å sikre tenester og leveransar i riktig omfang og til rett pris. Manglande kontraktsoppfølging kan føre til brot på anskaffingsregelverket. Det er også økonomisk risiko knytt til manglande kontraktsoppfølging, ved at kommunen ikkje sikrar seg at dei betaler riktige prisar, i samsvar med kontrakt. Ved at kontraktane ikkje vert følgt opp, kan kommunen også gå glipp av inntekter i form av bøtelegging ved kontraktbrot frå leverandøren si side.

4.2.5 Personalpolitikk og tilsettingar

I arbeidsmøte blir det stilt spørsmål ved om kommunen følger tilsettingsregelverket ved tilsettingar i kommunen. Det blir vidare vist til at det blir stilt spørsmål i lokalsamfunnet om korleis tilsettingsprosessane i kommunen fungerer.

Mangelfulle tilsettingsprosessar kan utgjere ein omdømmerisiko for kommunen. Det kan også svekke Sauda kommune sin attraktivitet som arbeidsgjevar.

4.3 Strategiske risikoar

4.3.1 Handtering av endra rammevilkår

Kommunen opplever endringar i rammevilkåra, irekna oppgåvefordelinga mellom stat, fylkeskommune og kommune. I tillegg får kommunen i aukande grad overført oppgåver frå staten. Dette påverkar mellom anna kostnadsbiletet til kommunen og set nye krav til kompetanse. Samstundes gir det store krav til levering av tenestene.

Det kjem fram av planstrategi 2017-2020 at kommunen skal ta over oppgåver frå spesialisthelsetenesta innan psykisk helse og rus, noko som opplevast å vere utfordrande for kommunen. Vidare kan det vere utfordrande å rekruttere rett fagkompetanse i eller til små kommunar.

Kommunen opplever at det er krevjande å ivareta dei endra rammevilkåra, men samstundes har ein god oversikt då det er ei lita kommune.

Det er ein risiko for at kommunen ikkje har tilstrekkelige ressursar og kompetanse til å ivareta desse oppgåvene. Denne risikoen er vurdert som høg.

4.3.2 Kompetanseutvikling

Sauda kommune opplever sårbarheit knytt til kompetanse og rekruttering. Dette gjeld både kompetanse ein manglar, og at det er tynt med tilgjengeleg personell i kommunen.

Som nemnt i del 4.1.2 opplevast manglande kompetanse å vere ein sentral risiko innan helse og omsorg. Kommunen manglar her særleg sjukepleiarar, samstundes som ein i periodar slit med å ha nok kompetent fagkompetanse på jobb. Det kjem fram av spørjeundersøkinga at manglande fagkompetanse opplevast å vere eit problem, samstundes som det ved utskifting av personell vil vere sårbarheit for manglande kompetanse i overgangperiodar.

Innan teknisk sektor er det knappheit av dette kompetanse innan byggesak og teknisk drift. Som tidlegare nemnt opplevast å ikkje vere tilstrekkeleg med tid og ressursar til å gjennomføre nødvendig kompetanseheving. Skulane og barnehagane opplever å ha god rekruttering av lærarar og barnehagelærarar. Samstundes manglar ein kompetanse på enkelte område som til dømes koding. Forvaltningsrevisjonsrapporten Kvalitet i opplæringa i skulen frå 2019 viste at skulane manglar spesialpedagogisk kompetanse. Det kjem fram av arbeidsmøte at dette opplevast å vere ei særleg utfordring for kommunen.

I arbeidsmøte blir det stilt spørsmål ved om einingane i kommunen har GAP-analysar omkring kva for ein kompetanse dei treng framover.

Strategisk kompetansestyring var eit uprioritert prosjekt i førre plan for forvaltningsrevisjon. Det vart ikkje gjennomført forvaltningsrevisjon på temaet i perioden.

Manglande kompetanse vil kunne føre til at kommunen ikkje får ytt tenestar til innbyggjarane i tilstrekkeleg grad. Samstundes har kommunen kompetanseutfordringar i delar av organisasjonen. Risikoen for mangelfull kompetanse er difor vurdert til å vere høg både i høve sannsyn og konsekvens.

4.3.3 Miljø

I samfunnet er det eit auka fokus på miljø og berekraftige verksemder. Sauda kommune har per i dag ikkje ein oppdatert miljøplan. Kommunen har ein klima- og energiplan frå 2010. Her har kommunen som mål å redusere utsleppet av CO2 med 1410 tonn innan 2020 og redusere bilkjøyringa tilsvarande 800 tonn CO2. Manglande fokus på klima- og miljøutfordringar vil kunne utgjere ein omdømerisiko for kommunen.

Kommunen vurderer at miljø er eit relevant tema. Samstundes er det eit tema kommunen har fokus på og jobbar med. Eksisterande miljøplan skal vurderast når ny planstrategi skal leverast til hausten. Denne risikoen er difor vurdert om middels både i høve sannsyn og konsekvens.

4.3.4 Nærings- og samfunnsutvikling

Det vektleggjast i arbeidsmøte at kommunen si næringsutvikling er viktig for å motverke dei demografiske endringane og endringane i kommunen sitt inntektsgrunnlag. Det blir imidlertid stilt spørsmål ved om kommunen har rett kompetanse og kapasitet til dette arbeidet.

Det kjem fram av budsjettet 2020 at kommunen har satsa aktivt på næringsutvikling dei siste åra, men det har førebels ikkje gitt fleire arbeidsplassar. Sauda var ei omstillingskommune frå 2013 til 2019, og har totalt blitt tilført 10 millionar kroner til utviklingsarbeid. Kommunen har ikkje lukkast med måla for omstillingsarbeidet, som er vekst i innbyggjartal og arbeidsplassar. Det vektleggjast at det ikkje finnast nokon rask løysning, og at arbeidet i stor grad handlar om å leggje til rette for eit meir omstillings- og utviklingdyktig samfunn.

Det vektleggjast i arbeidsmøte at nærings- og samfunnsutvikling er ei hovudsatsing i budsjettet, noko som gjer det vesentleg å sjå nærmare på næringsutviklinga i ein forvaltningsrevisjon. Administrasjonen har i oppdrag å utvikle Sauda som reisemål, realisere hyttebygging og utvikle folketalet i kommunen. I arbeidsmøte med administrasjonen blir det vurdert at det hadde vore nyttig med ein gjennomgang av korleis administrasjonen støttar opp om desse politiske prosessane.

Kommunen sin næringsplan legg føringar for den vidare næringsutviklinga, og For Sauda KF er etablert for å sette i verk kommunen sin næringspolitikk.

Manglande vekst i arbeidsplassar og verdiskaping kan utgjere ein risiko for reduksjon i kommunen sin skatteinngang, som igjen kan svekke inntektsgrunnlaget og kommunen sitt tenestetilbod.

4.3.5 Beredskap; hendingar og katastrofar

Det kjem fram av arbeidsmøte at kommunen er sårbar for naturhendingar, særleg på vinteren om vegen blir stengt. Dette kan isolere kommunen for ei tid. Sauda er eit dalfare, med fare for både ras, skred og flom. Kommunen har manglande kommunikasjonssystem, og har lite styringsmakt overfor leverandørar som leverer fiber og telefon. I arbeidsmøte blir det tatt opp at mobildekninga er dårleg der ein ikkje har 4G dekning, samstundes som fiber er lite utbygd. Dette opplevast som problematisk i høve beredskap.

Fylkesmannen gjennomførte tilsyn med kommunen sin beredskap i 2017. Tilsynet viste manglar knytt til kommunen sin heilskaplege risiko- og sårbarheitsanalyse og beredskapsplan. Vidare kunne ikkje kommunen dokumentere at dei har eit system for opplæring.

Kommunen har hatt avvik på tilsyn knytt til vatn og avlaup. Mange av anlegga er gamle, og det blir stilt spørsmål ved om desse er tilrettelagt for dei eksisterande lovkrava.

Ved gjennomføringa av risiko- og vesentlegvurderinga er Noreg ramma av Covid-19 viruset, som påverkar kommunane i høgste grad. Kommunen opplever at det kan vere nyttig å sjå på korleis beredskapsarbeidet har fungert i denne situasjonen.

Konsekvensen av ei katastrofe kan vere særst alvorleg, og vi har derfor vurdert denne risikoen som høg.

4.4 Forvaltningsrevisjon i selskap

I dette kapitelet presenterer vi dei selskapa som er vurdert som særleg interessante i høve forvaltningsrevisjon. Vurderinga er også her basert på risiko og vesentlegheit.

4.4.1 Reisemål Ryfylke

I arbeidsmøte uttykkjast det usikkerheit om kommunen er tett nok på Reisemål Ryfylke, som utfører viktige oppgåver på vegne av kommunen. Reiseliv er eit satsingsområde i Sauda kommune si nærings- og samfunnsutvikling. Som nemnt i del 4.3.4 er nærings- og samfunnsutvikling ei hovudsatsing i budsjettet til kommunen. Kommunen er vidare usikre på kva dei får ut av dette eigarskapet.

4.4.2 Styling av interkommunale nærings- og utviklingsprosjekt

Det kjem fram av arbeidsmøte at både Ryfylkerådet og Haugaland Vekst har gjennomført nokre interkommunale nærings- og utviklingsprosjekt dei seinare åra. Kommunen er usikker på kvaliteten på og effektane av desse prosjekta, irekna korleis prosjekta blir avslutta. Kommunen brukar mest pengar i Ryfylkerådet, og har mest samarbeid med Haugalandet i Haugaland Vekst. Kommunen opplever at det hadde vore nyttig med ein gjennomgang av eit av desse selskapa.

4.4.3 Krisesenter Vest IKS

Krisesenter Vest IKS utfører viktige lovregulerte tenester⁷ på vegne av eigarkommunane. Det vektleggjast i arbeidsmøte at selskapet utfører viktige tenester for innbyggjarane, samstundes som ein er usikre på om kommunen er tett nok på selskapet. At selskapet dekkjer eit geografisk område tilsvarande 17 kommunar peikast på som ein mogleg risiko.

⁷ Krisesentertilbod etter krisesenterlova

5. Risiko- og vesentlegvurdering - av kommunen sitt eigarskap

I dette kapitelet presenterer vi identifiserte område og selskap som er vurdert som særleg relevante for eigarskapskontroll. Dette er primært område/selskap kor det er identifisert risiko for mangelfull eigarstyring frå kommunen, eller kor eigarskapet i seg sjølv kan utgjere ein risiko.

Den siste eigarskapsmeldinga frå Sauda kommune vart vedteken i 2019, og kommunestyret skal handsama eigarskapsmeldinga årleg. Kommunen si eigarskapsmelding presenterer aktuelle selskapsformar for kommunen samt retningslinjer for eigarskap, leiing og kontroll av selskap. Vidare omtalar eigarskapsmeldinga selskapa som kommunen eig eller deltek i.

5.1 Generell eigarstyring

Det kjem fram av arbeidsmøte at kommunen opplevast å vere god på å vurdere føremålet med å eige selskap. Kommunen har i eigarskapsmeldinga ei oversikt over selskapa dei eig og kvifor kommunen har eigarskap i desse selskapa. Denne eigarskapsmeldinga reviderast og går til kommunestyret kvart år. Det kjem vidare fram av arbeidsmøte at ein ikkje er sikre på om kommunen er strategisk god nok til å få ut effektane av eigarskapa sine. Dette handlar om forventningsstyringa av selskapa, og krava kommunen som eigar stiller.

Kommunen si generelle eigarstyring var eit prioritert prosjekt i førre plan for selskapskontroll. Det vart ikkje gjennomført prosjekt på dette i førre periode.

5.2 Selskap identifisert for eigarskapskontroll

5.2.1 Nærings- og samfunnsutviklingsselskap

Som nemnt i del 4.3.4 er nærings- og samfunnsutvikling eit viktig satsingsområde i kommunen. Kommunen har eigarskap i diverse nærings- og samfunnsutviklingsselskap, inkludert Sauda Vekst, Sauda Fjernvarme, Haugaland Vekst og Reisemål Ryfylke. Desse selskapa er viktige for at kommunen skal lukkast med satsinga innan nærings- og samfunnsutvikling. Det kjem fram av arbeidsmøte at desse selskapa opplevast å være særleg viktige for kommunen.

Det blei nemnt i arbeidsmøte at kommunen opplever det som nyttig med ein gjennomgang av kommunen si oppfølging av eigarskapet i desse selskapa, irekna strategiane for eigarskapet i selskapa. Det uttrykkjast noko usikkerhet på om kommunen er tett nok på reiselivsselskapa, og kva ein får ut av eigarskapet.

5.2.2 Sauda Bedriftskapital AS

Det blir vektlagt i arbeidsmøte at selskapet har eit viktig føremål ved å legge til rette for vidareutvikling av næringslivet og nyetableringar i kommunen. Det kan vere hensiktsmessig å vurdere eigarskapsstrukturen og styringsstrukturen i selskapet.

Vedlegg 1 Framgangsmåte og involvering

Teoretisk fundament

Det går fram av kommuneloven § 23-3 og § 23-4 at plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll skal bygge på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd, verksemda i kommunen sine selskap og kommunen sitt eigarskap.

I arbeidet med risiko- og vesentlegvurderinga har KPMG vektlagt risiko for avvik med vesentlege sider ved verksemda og tenestene til Sauda kommune, og kor alvorlege konsekvensar desse avvika kan få. Omgrepa er av KPMG definert slik:

Risiko – handlar om å identifisere kor sannsynleg det er for at den kommunale verksemda ikkje vert utøvd på den måten den skal bli utøvd. Med andre ord risiko for mangelfull verksemd og tenestetilbod. Måten verksemda skal utførast på, er mellom anna styrt av:

- ✓ Lovverk og andre reguleringar
- ✓ Formål, vedtak og målsettingar
- ✓ Planverk og strategiar
- ✓ Organisering
- ✓ Budsjett

Vesentlegheit – handlar om å identifisere dei viktige/sentrale områda for kommunen og er særleg knytt til vurderinga av betydinga for kommunen av konsekvensane dersom ein gitt risiko inntreff. Viktige kriterie for vesentlegheit er mellom anna:

- ✓ Liv og helse
- ✓ Sikring av verdiar
- ✓ Brukarperspektivet – rettigheter og oppfylling og kvalitet
- ✓ Kostnadseffektivitet
- ✓ Folkestyret
- ✓ Område med politisk aktualitet
- ✓ Kommunen sin eigardel i selskap
- ✓ Formål med selskapa kommunen har eigarskap i
- ✓ Om selskapa kommunen har eigarskap i primært er retta inn mot å løyse oppgåver i kommunen/kommunale oppgåver

Risiko- og vesentlegvurderinga er fundamentet for dei områda kontrollutvalet og kommunestyret skal prioritere for forvaltningsrevisjon. Derfor har det vore særskilt viktig å identifisere område som har ein ibuande høg risiko, vesentleg grad av uønskte konsekvensar dersom risiko inntreff, og som det potensielt vil vere nyttig å gjennomføre revisjon på, sett frå ein politisk ståstad, frå administrasjonen sin ståstad og ut i frå eit brukarperspektiv. Dette inneber at vi i arbeidet har tatt høgde for område kor revisjon kan ha verdi for kommunen i eit forbetnings- og læringsaugemed og kor revisjon kan ha


førebyggjande karakter. Det vil sei at eit revisjonsprosjekt ikkje berre ser tilbake på kva som har skjedd, men at ein kan gå inn på pågåande prosjekt og prosessar kor revisjonen kan vere grunnlag for korrigerande grep.

Skjematisk vil val av forvaltningsrevisjonar bli eit resultat av vurderingar knytt til vesentlegheit og risiko som truar verksemda og tenestetilbodet - vurderingar som "silar" ut prosjekt i fire overordna steg. Dette kan illustrerast slik⁸:



Figur 1: Val av prosjekt for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Analysen av identifiserte område og risiko er kategorisert i følgjande matrise:



Figur 2: Val av prosjekt for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Prosess

Vi har gjennomført ein prosess som har inkludert samspel med ulike deler av kommunen; administrasjon, hovudverneombod og politikarar frå høvesvis kontrollutval og kommunestyre. I tillegg har vi sendt ut ein kort spørjeundersøking til seksjonsleiarane i kommunen.

Arbeidet har vore delt i tre hovudbolkar:

1. Kartlegge og forstå kommunen
2. Arbeidsmøte med kommunen for å etablere og verifisere mulege område for forvaltningsrevisjon
3. Dokumentere analysen

Følgjande teknikkar har vore brukt for å samle inn data:

⁸ Dei to siste områda blir teken i vare av kontrollutvalet og kommunestyret.

✓ Dokumentanalyse

KPMG har innhenta og gjennomgått dokumentasjon frå kommunen, blant anna årsmelding, kommuneplan, økonomiplan og årsbudsjett, samt tidligare revisjonar og tilsyn og KOSTRA-statistikk.

✓ Arbeidsmøte for å identifisere vesentlege risikoar

KPMG har fasilitert to arbeidsmøte for å identifisere vesentlege risikoar. Eit arbeidsmøte med kontrollutvalet, politiske utvalseleiarar og ordførar. Vidare har vi hatt eit arbeidsmøte med rådmannsgruppa.

✓ Intervju med hovudverneombod

✓ Spørjeundersøking

Einingsleiarane i kommunen har blitt invitert til å gjennomføre ei kort spørjeundersøking.

✓ Arbeidsmøte for å vurdere dei identifiserte risikoane og prioritere prosjekt til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll



Kontakt oss

Willy Hauge

Partner

T +47 40 63 96 63

E willy.hauge@kpmg.no

Magnus Nedrelid Heggen

Associate

T +47 90 02 49 60

E magnus.heggen@kpmg.no

kpmg.no